



Årsmelding og rekneskap 2016.



Steffen og Mathias Melheim.



Skarsteinsætra Opp 2016.

Olden Idrettslag

Årsmøte på Yris Kafe 27.02.2017 kl. 20.00

Sakliste:

1. Opning av årsmøtet

- 1.1. Godkjenning av innkalling
- 1.2. Godkjenning av sakliste
- 1.3. Val av møteleiar
- 1.4. Val av referent
- 1.5. Val av to personar til å skrive under på møteprotokollen

2. Årsmelding frå styret og frå gruppene

3. Rekneskap

4. Fastsetjing av medlemskontingent.

Styret foreslår følgende kontingentar for 2017.

- barn under 16 år: kr. 250.-
- støttemedlem: kr. 200.-
- vaksne f.o.m. 16 år kr. 350.-
- familie kr. 500.-

I familemedlemskap kan reknast born t.o.m. det året dei fyller 18.

5. Forslag om treningsavgift i friidrett og fotball – kr. 250,- pr. år.

6. Arenabygg – status

7. Budsjett for 2017

8. Val

9. Innkomne saker - Dekking av reiseutgifter til utøvarar, trenarar og leiarar.

Nettsida. Bør vere ein hovudansvarleg her som kan halde denne oppdatert.

100 års jubileum 2020. Det bør lagast ei bok om Olden IL. Arbeidet må starte opp i god tid. Foreslår at det på årsmøtet vert danna ein eigen bokkomite og at det vert sett av noko midlar til dette arbeidet.

10. Evt. Ordet fritt

Styret

STYRETS ÅRSMELDING 2016

Styret har i 2016 hatt denne samansetjinga: Martin Klaesson (nestleiar), Tove Vedlog (kasserar), Silje Opheim (sekretær), Randi Gjengedal(styremedlem) og Per Magne Muri (leiar).

Møter og tilstellingar:

Vi har hatt 2 styremøter i 2016. Dei viktigaste sakene som har blitt behandla er: Økonomi og aktivitet.

29. november arrangert vi avslutningsfest med utdeling av premier/pokaler til dei aktive i friidrett/fotball, alpint og idrettskule. Det var vel 60 frammøtte med stort og smått. Det var bilde framvisning frå aktivitetane i året som gikk, og en liten quiz. storskjerm. På menyen stod pizza og julebrus.

Søndag 4. desember gjekk den tradisjonsrike idrettslagsbasaren av stabelen. Det var om lag fullt i Aldaheim, og vi fekk inn nær 45.000 kroner brutto, eit svært godt resultat. Vi takker basarkomiteen for godt gjennomført arrangement. På basaren vart Steffen Melheim tildelt «Ricco Vero-pokalen» (stimulansepokalen).

Medlemstal:

Medlemstalet i Olden IL er vel. 200. Det er omtrent som tidlegare år.. Styret synest dette er for lavt og vil forsøke å få fleire til og melde seg inn i idrettslaget, og når ein ser på deltakinga i fleire arrangement bl.a. fjelltrimmen og Skarsteinsætra Opp, bør det vere mogleg. Vårt nye anlegg ved skulen bør også vere en motivasjons faktor.

Aktiviteter:

Vi viser her til årsmeldingane frå gruppene. Idrettslaget har tilbod til folk i alle aldersgrupper, men det er naturleg nok dei yngste vi satsar mest på. Men også i Fjelltrimmen er der god aktivitet, og den ser ut til og auke for kvart år. Nytt i år er Basisball trening i skulen. Vi har i år utdanna tre instruktørar som tar seg av treningane. Av mange flotte prestasjoner i året som har gått vil styret framheve brødrene Mathias og Steffen Melheim som er i norgestoppen i sine idretter. Mathias vart også utteken til landslagssamling i kast . GRATULERER!

Arrangement:

Olden Idrettslag sitt største arrangement er Oldestafetten. Dette vart også i år ein suksess.

Skarsteinsætraopp blei arrangert for sjette gong, med god deltaking i mosjonsklassen. Deltakinga i konkurranse klassane var på nivå med tidlegare år, men svært tynt med deltakarar i dameklassane. På sponsor sida vart det lagt ned ein formidabel innsats, og vi fekk inn over 70.000 kr. Styret takkar Andreas og Andre for utmerket innsats.

Friidrettsgruppa har arrangert lagsmesterskap, løpskarusell og vore medarrangør i Oldestafetten, Strynehall-leikane.

Økonomi: Økonomien i laget er god. Laget hadde i 2016 et overskot på 53 618 kroner.

Anlegg: Arbeidet med planlegging av arenabygget er godt i gang og spelemiddel søknad er innsendt. Vi regner med byggestart seinsommer/haust 2017.

Avslutning:

Styret vil med dette takke alle som har vore med å bidratt til at laget fungerer. Ei stor takk til dei som har trenaransvar og spesielt til Sondre G. Muri som trenar i friidrett, leiar i fotballgruppa og medarrangør av avslutningsfesten. Også ei spesiell takk til alle dei som var med på reinhaldet på Kråka og Kroka.

For styret i Olden IL 2016
Per Magne Muri (leiar)

ÅRSMELDING ALPINGRUPPA 2016

Alpinesesongen var forholdsvis god, vi hadde bra snøtilhøve, gode treningar, treningsamlingar og mange flotte resultat på renn.

Det har vore delteke på treningsamlingar i Hintertux (Østerrike), Juvass, Kvittfjell, Hafjell, Stryn, Sogndal og Jølster.

Dei som har delteke på Fjord 1 samlingar var:

Magnar Fredheim, Julie Fredheim, Jonas, Emil og Elias H. Drageset.



Våre utøvarar har delteke på Krinsrenn i heile fylke: Sogndal, Hafslo, Jølster, Førde, Utvikjellet, Harpefossen, Stryn og Grotli.

Resultat:

Magnar Fredheim i klasse G-12 hadde 3. plass som beste plassering i ssl på Harpefossen.

Julie Fredheim og Emil H.Drageset oppnådde også mange gode plasseringar i klassane Jenter U-14 og Gutar U -14.

Jonas H.Drageset har delteke på det meste i klasse G-16 .

Jonas oppnådde mange gode resultat. Hevda seg heilt i toppen her i fylket, bl.anna to 1.plassar SSI Hafslo. 2.pl. sl Stryn.

ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA 2016

2016 har vore eit fantastisk godt år for dei gode friidrettstalenta i Olden. Både Steffen og Mathias Melheim toppar norgesstatistikken i kule. Steffen toppar også i diskos, der han sette norsk rekord i sin klasse. I tillegg har Steffen 2. plass i slegge og Mathias 2. plass i diskos på norgesstatistikken. Under Ungdomsmeisterskapen vart det gull i kule på Mathias. Også søstera Janikke har gode prestasjonar i løp tett oppunder landstoppen. Elles har også andre utøvarar delteke på stemner i laget som Strynehall-leikane, Oldestafett, Skarsteinsetra Opp og lagsmeisterskap.

I tillegg har vi Helge Hafsås som framleis håvar inn sigerar i maraton, medan Einar Strand gjer det godt i halvmaraton.

Oldestafetten vart som vanleg arrangert siste søndag i april. Sjølv om deltakinga ikkje er som den var i dei beste åra, stilte Olden lag i både guteklasse, jenteklasse, menn senior og veteran. Dessverre klarte vi ikkje å stille nokon lag på Breimsstafetten helga etter.

Vi starta med treningar i desember 2015. Frå nyttår trena vi i gymsalen 2 gongar i veka. Frå omlag april byrja vi ute også då med 2 treningar i veka, då hadde vi hovudfokus på løp sidan Oldestafetten er i slutten av april. Etter stafetten vart det trent meir tekniske øvelsar som kast og hopp. Oppmøtet på trening var litt variabelt, men helst litt for lågt. Stor takk til trenarane for den jobben dei har gjort gjennom året. Vil spesielt trekke fram Sondre Guddal Muri for den jobben han har lagt ned som trenar.

Sjølv om oppmøtet på trening har vore litt for dårleg, har det likevel vore god deltaking på dei arrangementa vi har hatt. Friidrettsgruppa har arrangert 1 løpskarusell, 1 lagsmeisterskap inne i gymsalen og 1 lagsmeisterskap ute på bana. Alle desse har hatt god deltaking, spesielt blant dei yngste. I tillegg var vi som vanleg medarrangør på Strynehall-leikane med nokre deltakarar frå Olden.

Friidrettsgruppa v/Joar Sunde (leiar)



Stimulanspokalen – Ricco Vero-pokalen 2016

Olden IL har som tradisjon å dele ut stimulanspokal til ein talentfull utøvar – den såkalla Ricco Vero-pokalen. Den har ikkje blitt delt ut kvart år, men i år var det ikkje tvil om at pokalen burde delast ut – og det var heller ikkje mykje tvil om kven som skulle få den.

Vedkomande toppar i år norgesstatistikken i klasse 13 år både i kule og diskos. I tillegg er han nr. 3 i Norge i slegge, nr. 9 i spyd og nr. 14 i høgde. På Loggane kastarena i Gloppen i oktober sette han faktisk norsk rekord i diskos for 13 åringar. Før 2004 var vekta på diskosen 1 kg. No kastar 13-åringane ein diskos på 750 gr. Uansett er resultatet norsk rekord.

Under Bendikleikane på Osterøy ved Bergen slo vedkomande verkeleg til. Dette er ein regional krins -konkurranse for klasse 13-14 for Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder-fylka. Utøveren vår vann her heile 3 øvingar på sterke resultat, kule, diskos og til og med slegge - og vart nr. 2 i spyd og nr. 3 i høgde. Mange frå Olden har tidlegare hevda seg godt i denne konkurransen, men ingen kan skilte med 3 førsteplassar.

Vedkomande spelar i tillegg fotball på Loen

Olden IL gratulerer med ein velfortent stimulanspokal og med ein fantastisk flott sesong. Steffen er og flink til å drive eigentrening og har som Mathias fått god hjelp av Jørund Årdal med den tekniske utviklinga.

Vi håpar at denne pokalen skal stimulere deg til vidare satsing på idrett generelt og sjølvstøtt håpar vi at friidrett framleis vil vere ein av dei idrettane du vil vidareutvikle deg i.

Hans-Petter Galtung

ÅRSMELDING FRÅ OLDESTAFETTNEMDA 2016

Medlemar: Anders Bruvoll (leiar), Jan Høgalmen, Dagfinn Gytri, Geir Øyvind Vanberg, Joar Sunde og Arne Sandnes.

Årets stafett var nr. 62. i rekka. Torstein Tvinnereim heldt appell.

Det var færre lag enn vanleg med i guteklassen i år. Totalt stilte 26 lag til start. I tillegg deltok 7 lag i ministafetten.

I guteklassen sto 10 lag på startstreken. Jenteklassen hadde 8 lag. Herreklassen hadde i år 3 lag. I veteranklassen stilte 2 lag, og det same i dameklassen. I tillegg var der eitt lag i Open klasse.

Gutelaget til Olden vart nr. 6. Jentelaga vart nr 5 og 8. Veteranane måtte ta til takke med andreklassen. I open klasse stilte Side Brok åleine.

Jølster var tilbake som det dominerande laget og vann både gute-, herre- og veteranklassen. Hornindal vann jenteklassen, mens Gloppen FIL vann dameklassen. Over og ut.

Anders Bruvoll - leiar



ÅRSMELDING FRÅ IDRETTSKULEN 2016

Me var ca. 18 born på (og 4vaksne som dreiv) idrettskulen våren 2016.

På idrettskulen har me nytta høvet til å ha skileik ute på idrettsbana, når der har vore høve for det. Me har nytta oss av idrettsbana til friidrett, me har hatt litt fokus på styrke, kondisjon, koordinasjon og balanse gjennom leik.

Ellers har me hatt påskeharejakt med natursti og vore på Skarsteinsetra å grilla som avslutning på idrettskulen.

I haust har me vore mange born., heile 26 stk. Me har vidareført det me heldt på med i vår, og hatt litt meir fokus på uttøying etterpå, og bevisstgjort borna på viktigheita av å vere i aktivitet.

Randi M. Vangsnes - leiar

ÅRSMELDING FRÅ FJELLTRIMGRUPPA 2016

Dei som har vore med i gruppa i år er Anders Bruvoll, Osvald Olsen, Sissel Haugerudbråten Sunde, Oddbjørg Tonning og Caroline Lindvik Gjerde.

I år har det vore 13 814 besøkande på dei 20 fjelltrimpostane vi har i Olden/Oldedalen mot 17 069 forrige fjelltrimår. Dette er ein nedgang på 3 255 besøk samanlikna med i fjor.

Dei 2 mest besøkte postane er Skarsteinsetra med 3 866 besøk og Huaren med 3 806 besøk. Det er berre 4 fjelltrimposter som ikkje har nedgang av besøkande samanlikna frå forrige fjelltrimår, det er Laukisetra, Sundssetra, Gytridalen og Kvamsetra.

Vi bruker fortsatt registreringsskjema som ein fyller ut sjølv når sesongen er over. Det skjemaet finn de enten på heimesida til Olden IL eller de kan hente det på Bunnpris i Olden.

Det er 19 stk som har registrert at dei har gått alle dei 20 postane i Olden/Oldedalen. Av dei var det 2 barn som har gått alle fjelltrimpostane.

Det var Anne Berit Bjørdal som fekk 1.plass med 2 111 poeng, Svein Gildestad fekk 2.plass med 1 058 poeng og Hans Petter Galtung på 3.plass med 1 018 poeng.

For den yngre klassen var det Helene Sunde som vann i klassen 4-10 år med 112 poeng.

For klassen 11-16 år var det Julie og Magnar Fredheim med 411 poeng og Julie Sunde, med 97 poeng.



Laukisetra var ein av dei 4 postane som ikkje hadde nedgang i besøkande.

Caroline Lindvik Gjerde - leiar

ÅRSMELDING FRÅ IDRETTSMERKEGRUPPA 2016

Idrettsmerkeprøvene vart halde over 3 dagar i september. Dei siste avla prøven i desember.

Annonsering med plakat ved Coopen og Bunnpris.

I tillegg vart det brukt sms og telefon til tidlegare prøvetakakara. Facebook vart også brukt.

Prøvene i hurtigheit, spenst og styrke vart halde på friidrettsbana ved skulen.

Sykkel vart i hovudsak brukt til øvingane i uthald. (10km).

Ellers: 10 km gange.

3 langturar på 5 timar kvar (til dømes Skålatur eller Flatsteinsbu).

Deltaking i lagspel (kampar) td fotball.

19 personar (10 kvinner og 9 menn) har avlagt prøvar som stettar kravet til idrettsmerket i år.

Talet på deltakara har auka med 50 %.

Utmerkingar: Alvhild Flåten avla prøven for femtande gong og stettar kravet til statuett.

Idrettsmerket kan takast frå ein er 16 år, tar ein til med prøvene tidleg, stimulerer det til å fortsette etter at ein for eksempel reiser vekk for utdanning eller arbeid.

Det er derfor hyggeleg at utflytt ungdom nyttar høvet til å avlegge prøven til idrettsmerket i Olden.

Underteiknande har sagt i frå seg leiarvervet i idrettsmerkegruppa og takker for seg.

Eg vil også takke Arne Steinar Muri for hjelp og samarbeid.

Takker også Hans Petter Galtung for gode råd og hjelp med utstyr.

Med helsing

Bernt Bergesen

Leiar idrettsmerkegruppa.

ÅRSMELDING FRÅ SKIGRUPPA - NORDISK 2016.

Vinteren 2016 var, som vanleg har vore dei siste åra, prega av ustabile snøtilhøve. Det vart køyrt løyper i skogsvegane på Muri og til Huaren i februar. Det vart og køyrt opp på Muri-bøane, men her smelta snøen bort like etter. Manglande tele i marka, gjorde det stort sett lite fruktbart å køyre løyper her. Dessverre svikta scooteren i slutten av februar slik at vi ikkje fekk følgt opp løypekøytinga til Huaren vidare utover vinteren. Som vanleg hadde vi planar om rekrutteringsløp i langrenn ved skulen, men snøtilhøva gjorde det umogleg å realisere.

Hans-Petter Galtung

**REKNESKAP FOR OLDEN IDRETTSLAG**
Årsregnskap 2016

31.12.16

INNTEKTER

	2016 Kr	2015 Kr
Medlemskontingent	28 045	27 525
Idrettsskolen	800	4 400
Treningsavg.fotball/basisball	16 850	28 900
Leigeinntekt Alda Stadion		-3 000
Vaskeavtale	39 000	62 750
Basar	44 895	42 581
Sal av drakter, basisballer etc	600	25 875
Startkontingent Oldestafetten	10 100	11 950
Kiosk Oldestafetten	15 855	10 973
Sponsorinntekter Oldestafetten	4 750	4 750
Programhefte Oldestafetten	3 500	3 400
Startkontingent Skarsteinsetra Opp	19 490	16 325
Kiosk Skarsteinsetra Opp	6 350	9 360
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	70 500	55 500
Grasrotandel	27 543	20 597
Gåver, tilskudd	57 000	66 000
Momskompensasjon	19 363	7 902
Dugnad	3 000	2 850
Andel overskot Strynehalleikane		2 970
Purregebyr-inntekt	100	
Renteinntekt	3 167	957
SUM INNTEKTER	370 908	402 564

UTGIFTER

	Kr	Kr
Lotteri/Basarutgifter	2 893	1 524
Treningskle,basisballer og rekvisita for vidare salg	2 400	38 808
Programhefte for vidare salg		450
Utgifter kiosk Oldestafetten	8 867	4 717
Utgifter kiosk Skarsteinsetra Opp	7 999	9 425
Leige lokaler/anlegg/instruktører	29 200	20 230
Inventar/utstyr	14 535	35 944
Rekvisita	2 368	3 731
Div.driftsutstyr		2 589
Rep og vedlikehold utstyr		900
Rekneskap	2 500	2 500
Kontorrekvisita	2 445	3 064
Kopiering/trykking		-
Abbonnement	640	320
Møter, kurs, oppdatering o.l.	540	5 745



Spesifikasjon av sponsorinntekter / gaver 2016

Olden idrettslag

	Kr
Norges Idrettsforbund Akt.midl	25 000
Grasrotandel	27 543
Stryn kommune, kulturmidlar	32 000
Norges Idrettsforbund spelemidler utstyr	1 794
Annonser i pgm.hefte Oldestafetten	
Skarstein & Walaker as	500
Yri Sand	500
Olden Fjordhotell	500
Sparebanken Sogn og Fjordane	500
Stryn Betong	250
Coop Olden	250
Olden Røde Kors	250
Olden Rør as	250
Stryn Betongelement as	250
Gardit Lås og Sikkerheit AS	250
Pers Kafe	250
Ytre-Eide Sport as	250
Olden Cruise	250
Bunnpris Olden	250
Sunde Auto AS	250
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	
Oldenvatn/Hansa	8 000
Skogstad Sport as	5 000
Bunnpris Møre	3 000
Skarstein & Walaker as	2 500
Helge Hafsås	2 500
Hotel Loenfjord as	2 000
Hotel Alexandra as	2 000
Olden Cruise as	2 000
Thor Tenden Transport AS	2 000
Gunnar Myklebust	2 000
Miljøservice AS - Norva 24	2 000
PWC AS	2 000
Odd Atle Skarstein	1 500
Bilextra/Sunde Auto	1 500
Pers Kafe	1 500
Ricco Vero as	1 500
Melheim Interiør	1 500
Olden Taxi	1 000
Ceciliekruna Solsenter	1 000
Accountor Stryn	1 000
Flåten Termotransport as	1 000

**OLDEN IDRETTSLAG**

BALANSE 2016	Inng.balanse 01.12.2015	Bevegelse 01.12.15.-31.12.16	Utg. balanse 31.12.2016
EIENDELER			
Maskiner og anlegg:			
Tomt friidrettsanlegg ved skulen	540769,66	-81155,19	459614,47
Toppdekket friidrettsanlegg v/skulen	467463,88	-119460,81	348003,07
Snøscooter	3 129,32	-469,39	2 659,93
Inventar idrettsanlegg ved skulen	76 796,00	-19 036,00	57 760,00
Container ved idrettsanlegg	33 547,00	-3 563,00	29 984,00
Beholdning ferdigvarer:			
Varelager premier	13 812,50	-5 652,50	8 160,00
Fordringer:			
Kundefordringer	23 500,00	-10 100,00	13 400,00
Bankinnskudd:			
Sparebanken Sogn og Fjordane (3770.20.32211)	1 034 058,85	-416 266,94	617 791,91
Sparekonto (3705.13.08523)	4 659,00	602 239,00	606 898,00
Sum Eiendeler	2 197 736,21	-53 464,83	2 144 271,38
GJELD OG EGENKAPITAL			
Lån 3706.16.77012	-870 450,00	107 770,00	-762 680,00
Forskudd fra kunder		-1 000,00	-1 000,00
Påløpt renter	-2 226,00	313,00	-1 913,00
Leverandørgjeld			
Egenkapital	-1 325 060,21	-53 618,17	-1 378 678,38
Sum Gjeld og Egenkapital	-2 197 736,21	53 464,83	-2 144 271,38

Revisorane sine merknader

Revidert,

Oddbjørg Muri

Alvhild Flåten

Budsjett for Olden Idrettslag for 2017

Inntekter	Kr
Medlemskontingent	30 000
Treningsavgifter / startkontingent	60 000
Kiosksal	25 000
Basar m.m.	45 000
Gåver/ tilskot/ sponsormidler	160 000
Sal av drakter/ t-skjorter	3 000
Sum inntekter	323 000
Utgifter	
Krinskontingent/ påmelding/ start-avgifter	35 000
Premiar/ gåver/ lotteriutgifter	50 000
Leige lokaler og anlegg	30 000
Honorar til trenarar og instruktører	6 000
Kurs/ utdanning	10 000
Utstyrsinnkjøp til aktivitet	20 000
Annonser	10 000
Drift snøscooter	2 000
Rekneskapshonorar	3 000
Kontorrekvesita/ kopiering/ porto	8 000
Kioskvarer	17 000
Leige/ drift nettside	6 000
Arrangementsutgifter	15 000
Køyre godtgjersle	10 000
Vedlikehold anlegg	10 000
Diverse driftsutgifter	10 000
Rentekostnader lån	30 000
Avskrivninger	75 000
Egenandel arenabygg (avsett i 2016)	600 000
Sum utgifter	947 000